



VINDAFJORD KOMMUNE
VITAL & SENTRAL

Vedlegg 1

Vedlegg for oppdrag innan bygg og anlegg



VINDAFJORD KOMMUNE

Skildring av oppdraget

Omfanget av oppdraget består i opphugging og fjerning av bustadmodell. Dette arbeid må skje i tråd med gjeldande lovar og reglar.

Det står i dag ein bustadmodul på Dommersnes industriområde i Vikebygd. Eigar av modul har gått konkurs. Vindafjord kommune har behov for å få fristilt område som modulen står på, og ser derfor etter nokon som kan fjerne heile modulen frå industriområde.

Bustadmodulen kom til dommersnes i ca. 2007. Vindafjord kommune kjenner ikkje til byggestad, byggeår eller kor modulen har hatt sitt virke. Vidare er det ikkje teikningar eller anna dokumentasjon å oppdrive for objektet.

Bustadmodulen vart heist på land frå djupvasskaia. Bustadmodulen står slik til at det skal gå an å heise den ombod på fartøy og skipe den vekk.

Materialar, kvalitet og anvending. Det er lokalisert noko innstøypt asbest ute på dekk på stålkonstruksjonen. Brannhemmende funksjon. Nærare inspeksjon og kartlegging av heile bustadmodulen må Entreprenør stå for. Entreprenør bærer risiko.

Bustadmodulen står på store betongsøyler. Desse er ein del av jobben og skal fjernast saman med bustadmodulen.

Bustadmodulen kan hoggast opp på staden eller fraktast vekk og demonterast på godkjent anlegg.

Basen er ledig frå 1. april i år og fysisk arbeid kan starte opp frå denne dato. Rigging og førebuande arbeid kan starte opp tidlegare. Det er ferdig opparbeida areal som ein kan sette opp rigg på. Straum, vatn og avløp må leggast provisorisk oppå bakken. Dette må Entreprenør ordne med sjølv. Vindafjord kommune syner tilkoplingspunkt. Fast rigg som står over 2 månader er søknadspliktig tiltak.

Det vert ikkje høve for Entreprenør å lagre deler og materiell frå objektet på industriområde under eller etter anleggstida.

Infrastruktur. Det offentlege vegnettet i området er prega av smale og svingete vegar som kan vera utfordrande for tungtrafikk. På industriområde er det djupvasskai. Vindafjord kommune stiller deler av djupvasskaien til disposisjon for arbeidet. Omfang etter nærmere avtale. Vegen inn til industriområde er avstengt med bom som kan opnast med mobiltelefon. Vindafjord kommune ordnar med tilgang til denne for personell som treng det.

Grunnforholda er gode.